



Sverre Fossen

Rein og reinsjakt i Jostedalsfjelli

Sverre Fossen

Rein og reinsjakt i Jostedalsfjelli

Jostedal historielag
Jostedalen 2009





© Sverre Fossen og Jostedal historielag 2009
Printed in Norway

Utgjeve av Jostedal historielag
www.historielaget.jostedal.no

Formgjeving og kartteikning: Sogne-Prent AS
Trykk: AIT Trykk Otta AS
Illustrasjonsbilete av rein: Einar Fortun

ISBN 978-82-996379-2-3

Utfyllande og oppdatert stoff om rein og fangstanlegg ligg på
www.historielaget.jostedal.no.



Innhald

Bakgrunn	side 7
Istid og rein	side 9
Reintrekk	side 11
Dyregraver	side 13
Bogastille	side 15
Tamreindrift	side 17
Reinsjakt og livberging	side 19
Herbørje	side 21
Oversynskart og liste over fangstanlegg og herbørje	side 25
Hovudkartdel	side 33
Rein i seinare tid	side 55
Stadnamnregister	side 57





Ola Hesjevoll (1870–1955) er reiseklar med ryggsekk og stav. Biletet er teke kring 1950.
Fotograf: Ukjend.



Bakgrunn

Jakt var eit vanleg og dagleg samtaletema i Jostedalen på den tid eg voks opp i 1940-åri. Når karane møttest, kom samtalen snøgt inn på rupejakt, røvajakt og reinsjakt. Særleg var reinsjakti fram gjennom tidene eit tema som førde til stor innleving. Sidan eg sjølv har vore, og er, svært interessert i jakt, hørde eg med stor interesse på når dei gamle jegrane fortalde om jakturar i fjelli mot Skjåk og i fjelli kring Rausdalen og Nørdestedalane. Seinare i livet har dette ført med seg svært mange



Lars Stølen (1867–1957) i finstasen. Han var nok meir lurven då han kom ut or urdaholet i Sprongdalen den natti han fraus så ilt (sjå side 21). Fotograf: Ukjend.



turar i fjellet for meg, både med og utan borse.

Ut frå det dei gamle jegrane fortalde om reinstrekk og dyregraver, har eg funne mange spor etter fangst og jakt på rein frå gamal tid. Med so mange dagar i fjellet, får ein erfaring med å sjå spor som ikkje lenger er so tydelege ("Du går og tenkjer som ein rein", meiner den yngre garde).

Når eg snakkar om "gamlekarane", so tenkjer eg fyrst og fremst på Ola Hesjevoll (1870–1955), Anders Hesjevoll (1898–1969), Halvor Horpen (1895–1995) og bestefar min Lars Stølen (1867–1957). Men det var òg mange andre som eg lærde mykje om rein og reinsjakt av.





Istid og rein



For omlag hundre tusen år sidan levde reinen på tundraen i Mellomeuropa. Etter kvart som isen trekte seg attende, følgde reinen med nordover, og for ca. 10 000 år sidan var Skandinavia isfritt og eit samanhengjande villreinområde. Funn og C-14-datering gjer at kunnskapen om dette er stor, men det er likevel underleg og tankevekkjande å gå i fjellet og vite at på nett same steinane som ein sjølv trør, trakka reinen og reinsveidarane for åtte til titusen år sidan.

Reinsflokkane hadde sine trekkruter i det store skandinaviske villreinområdet. Det generelle trekkmønsteret var og er at reinen trekte mot aust og innlandet om hausten

der snødjupna er mindre enn i fjelli mot vest der det er mykje meir nedbør. Om våren gjekk trekket den andre vegen mot gode grasbeite og lågare lende ned i dalane mot fjordane.

Desse trekki kunne òg føra med seg vanskar for reinen. Overgangen frå eit magert beite på lav til saftig groe, kunne verta vel brå. Ein kjenner til dette frå fleire bygder her i Sogn, at reinen "åt seg ihel" på groen om våren. Men reinen regulerte vel òg dette sjølv til ei viss grad. Halvor Horpen fortalde meg ein gong me for forbi at om føresommaren trekte reinen over dalen og beitte gras i Vivaskredene og lav i Sprongdalen.

